

Molland skule`s Vel
v/leiar Evelyn Birkeland
5986 Hosteland

14.08.2011

Masfjorden Kommune
Att.ordfører/rådmann
5981 Masfjordnes

SØKNAD OM FRI TILKOPLING TIL KOMMUNALT VASSVERK FOR MOLLANDSEID SKULEHUS.

Gamleskolen på Mollandseid er framleis eit viktig samlingspunkt for grendene Duesund, Molland og området Reknes-Eikemofoss.

Me har dei siste 10 åra hatt særstør aktivitet i laget som står for drifta og det har vore lagt ned eit drusteleg dugnadsarbeid av mange i kretsen.

Den største kostnaden og det meste av dugnadsarbeidet siste åra, har vore å få nytt kjøkken. Det store kjøkkenet med kjølerom framstår i dag som svært tenleg og no sparer me til ny og bedre koke-sone.

Me har hatt mange tilstellingar til inntekt for skulehuset og har opparbeidd oss nokre faste arrangement som bygdefolket spør etter dersom me er litt treige med å få ut innbyding!

Årlege tilstellingar er søndagsmiddag, jonsokfeiring, basar og julelotteri .

Me har hatt loppemarknad, haustfest og julemiddag .

Det kjekkaste med tilstellingane våre er at det samlar bygdefolk i alle aldrar .

Inntektene kjem også frå utleige og det vert m.a. feira fjelltrimfest, fødselsdager, barnedåp, konfirmasjon og slektstreff i skulehuset. Det blir også halde kurs og møter og 1-2 dagar kvar månad er det tilbud om fysikalsk massasje.

Me har lenge hatt dårleg vatn og ofte lite vatn frå kjelda vår. Det har med jamne mellomrom vore snakka om å kopla seg på det kommunale vatnet.

I skrivande stund er kjelda heilt tom og huset kan ikkje brukast.

I tillegg til pågåande utbetnings- og vedlikehaldskostnader blir det ei uoverkommeleg utgift for skulehuset å betale kommunal påkopling.

Me er difor så frimodige og søker med dette om fri påkoplingsavgift til det kommunale vassverket kan vere kommunen sitt bidrag til grendahuset og bygdefolket i desse grendene.

Voner på positivt svar.

E. Bjørklund

Med helsing